



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 101 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Revidert finansieringsopplegg for Askøypakken i Vestland

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 8. april 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om revidert finansieringsopplegg med auke i bompengebidraget for å fullføre fylkesvegprosjekt og -tiltak i Askøypakken i Askøy kommune.

Stortinget slutta seg til Askøypakken gjennom handsaming av Prop. 197 S (2012–2013) *Delvis bompengefinansiering av Askøypakken i Hordaland*, jf. Innst. 40 S (2013–2014). Pakken omfattar 10 prosjekt og tiltak i fylkesvegnettet, i tillegg til ei ramme til kollektivtiltak. BompengEinnkrevjinga starta opp hausten 2014, og skulle opphavleg halde fram til 2028.

Det lar seg ikkje gjere å finansiere alle tiltaka i porteføljen innanfor den opphavlege økonomiske ramma for Askøypakken. Fleire av prosjekta har vist seg å vere meir kostnadskrevjande enn det som først vart lagt til grunn. Samtidig har trafikken blitt lågare enn forventa, og med auka elbilde har òg gjennomsnittstaksten blitt redusert. Dette har gitt lågare bompengEinntekter.

For å finansiere dei planlagde prosjekta har Askøy kommune og Vestland fylkeskommune gått inn for å revidere finansieringsopplegget med auka bompengebidrag. Dei auka inntektene vil kome gjennom etablering av ein femte bomstasjon så snart som mogleg og utvida innkrevjingstid

med fem år frå 2028, slik at innkrevjingsslutt nokjem ved utgangen av 2033.

2 Omtale av utbygginga

I Prop. 197 S (2012–2013) er det lagt opp til utbygging av 10 vegprosjekt og tiltak på fylkesvegnettet i Askøy kommune, i tillegg til ei ramme til kollektivtiltak. Utbygginga starta opp i 2015, og følgjande vegprosjekt er fullførte:

- Fv. 563 Florvåg–Erdal (Fv. 563 Bakarvågen)
- Fv. 5246 Lindhaugen–Slettebrekka
- Fv. 562 Strusshamnkrisset
- Fv. 5254 Skansen (Kleppe)
- Fv. 563 Strømsnes–Hop

Følgjande prosjekt er starta opp:

- Fv. 5240 Skiftesvik–Marikoven
- Fv. 562 Lavik–Haugland

Tre prosjekt er ikkje starta opp på grunn av manglande finansiering:

- Fv. 5246 Slettebrekka–Hetlevik
- Fv. 562/5266 Fromeide–Kjerrgarden
- Fv. 5266 Fauskanger sør

Med det reviderte finansieringsopplegget for Askøypakken ønskjer lokale styresmakter å full-

føre dei fem påbegynte og attståande prosjekta. Alle prosjekta har godkjend reguleringsplan. Dei er nærare omtalte nedanfor og vist i figur 2.1.

Fv. 5240 Skiftesvik–Marikoven

Oppstart av bygging av ny veg starta i oktober 2019. Entreprenør på prosjektet gjekk konkurs i desember 2020. Difor blei prosjektet lyst ut på nytt i juli 2021. Ei strekning på 1,4 km av vegen

skal utvidast, og det vil komme nytt fortau langs eksisterande veg. Avkøyrslar skal samlast til felles avkøyrslar, og det skal byggast ei ny bru ved sida av eksisterande bru.

Fv. 562 Lavik–Haugland

Prosjektet blei lyst ut i juli 2021, og har forventa oppstart våren 2022. Det strekk seg over 3,4 km, med delvis utbetring av eksisterande veg og delvis



Figur 2.1 Kartskisse over prosjekt i Askøypakken

ny veg. Langs heile strekninga kjem det gang- og sykkelveg. I tillegg blir det fire nye bruer og ei ny rundkøyring.

Fv. 5246 Slettebrekka–Hetlevik

Det er planlagt 2,4 km ny veg, der siste 600 m mot Hetlevik går i tunnel. Prosjektet har oppdaterte kostnadsanslag per mai 2021.

Fv. 562/5266 Fromreide–Kjerrgarden

Det er planlagt utviding av 2,5 km av eksisterande veg, og bygging av gang- og sykkelveg langs heile strekninga. Eksisterande bru over Fromreidstraumen er planlagt utvida. Prosjektet har oppdaterte kostnadsanslag per mai 2021.

Fv. 5266 Fauskanger sør

Det er planlagt utbetring av 1 km av eksisterande veg, og bygging av gang- og sykkelveg langs heile strekninga. Prosjektet har oppdaterte kostnadsanslag per mai 2021.

Ramme til kollektivtiltak

Det er sett av ramme til kollektivtiltak på 284 mill. 2022-kr. Det er førebels brukt mindre beløp til kollektivtiltak i Askøypakken. Det er under utarbeiding ein områdereguleringsplan for Klepppestø sentrum som mellom anna skal omfatte kollektivløysingar og -knutepunkt i området. Kommunen legg opp til å vedta planen våren 2023. Det er vidare utarbeida eit forprosjekt for oppgradering av Ravnanger terminal. Midlane vil primært bli brukte til desse tiltaka.

3 Lokalpolitisk handsaming

Forslag til revidert finansieringsopplegg for Askøypakken har vore handsama av Askøy kommune og Vestland fylkeskommune.

Askøy kommune handsama saka i kommunestyret 23. september 2021, og gjorde slikt vedtak:

1. Askøy kommune ønsker å utvide Askøypakken med ytterligere 5 år for å kunne fullføre prosjektene i pakken og få et mer tjenlig vegnett på Askøy.
2. Kommunestyret slutter seg til det foreslåtte opplegget for videreføring av Askøypakken slik det er skissert i denne saken. Dette innebærer et bompengebidrag på 1.276 mill.

2021-kr i den reviderte pakken. Fylkeskommunen skal bidra med 386 mill. 2021-kr, inkludert mva-refusjon.

Pakken skal ferdigstille følgende 3 prosjekter som er startet opp:

- Fv. 563 Strømsnes – Hop
- Fv. 213 Skiftesvik – Marikoven
- Fv. 562 Lavik – Haugland

Pakken skal i tillegg finansiere følgende 3 prosjekter i prioritert rekkefølge:

1. Fv. 212 Slettebrekka – Hetlevik
2. Fv. 562 Fromreide – Kjerrgarden
3. Fv. 562 Fauskanger

Det blir i tillegg avsatt en ramme til kollektivtiltak. Det fylkeskommunale bidraget skal finansiere kollektivtiltakene.

3. Omfanget av utbyggingen blir tilpasset den økonomiske rammen. Hvis alle prosjektene blir finansiert før utløpet av bompengeperioden, skal bompengeperioden bli avsluttet.
4. Dagens innkreving i de 4 eksisterende bomstasjonene med enveis innkreving i retning Klepppestø/Bergen blir videreført i hele bompengeperioden. Det blir i tillegg opprettet en ny bomstasjon på Kleppevegen nord for rundkjøringen ved Vatnavatnet med innkrevingsretning mot Klepppestø.

Skarholmvegen vedtas stengt for gjennomkjøring i kjøreretning mot Klepppestø.

5. Frem til innkrevingen kan starte i det reviderte bompengeprogrammet, fortsetter innkrevingen som før i de 4 eksisterende bomstasjonene på Askøy.
6. Ved bruk av elektronisk brikke får kjøretøy i takstgruppe 1 en rabatt på 20 pst. Det blir ikke gitt rabatt til kjøretøy i takstgruppe 2. Det er lagt til grunn at nullutslippskjøretøy skal ha inntil 50 pst. av taksten for konvensjonelle kjøretøy. Det er lagt til grunn innføring av videreføring av månedlig passeringstak på 30 passeringer. Når innkrevingen i den nye bomstasjonen starter er det lagt til grunn en gjennomsnittlig inntekt per passering på omkring 13,90 kr (2021-kroner). Dette svarer til en grunntakst på omkring 32 kr (2021-kr) for kjøretøy i takstgruppe 1 (kjøretøy med totalvekt til og med 3500 kg samt kjøretøy i kjøretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale). Kjøretøy i takstgruppe 2 (kjøretøy med tillat totalvekt fra og med 3501 kg ekskl. kjøretøy i kjøretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale) betaler dobbel takst.
7. Dersom gjennomsnittlig inntekt per passering kommer under 13,90 2021-kroner, er

det forutsatt at grunntaksten blir justert slik at gjennomsnittlig takst per passering kommer opp på 13,90 2021-kroner.

Vestland fylkeskommune handsama saka i fylkestinget 29. september 2021, og gjorde slikt vedtak:

1. Fylkestinget viser til Askøy kommune sitt ønske om utviding av Askøypakken i ytterlegare 5 år for å fullføre prosjekta i pakken og få eit meir tenleg vegnett på Askøy. Det er eit stort behov for å fullføre prosjekta i pakken, og fylkestinget støtter difor ei forlenging av pakken.
2. Fylkestinget sluttar seg til det foreslåtte opplegget for vidareføring av Askøypakken slik det er skissert i denne saka. Dette inneberer eit bompengbidrag på 1 276 mill. 2021-kr i den reviderte pakken. Fylkeskommunen skal bidra med 386 mill. 2021-kr, inkludert mvarefusjon. Pakken skal ferdigstille følgjande 3 prosjekt som er starta opp:
 - Fv. 563 Strømsnes – Hop
 - Fv. 213 Skiftesvik – Marikoven
 - Fv. 562 Lavik – Haugland
 Pakken skal i tillegg finansiere følgjande 3 prosjekt i prioritert rekkjefølgje:
 1. Fv. 212 Slettebrekka – Hetlevik
 2. Fv. 562 Fromreide – Kjerrgarden
 3. Fv. 562 Fauskanger
 Det vert i tillegg avsett ei ramme til kollektivtiltak. Det fylkeskommunale bidraget skal finansiere kollektivtiltaka.
3. Omfanget av utbygginga vert tilpassa den økonomiske ramma. Om alle prosjekta vert finansierte før utløpet av bompengeperioden, skal bompengeperioden bli avslutta.
4. Dagens innkrevjing i dei 4 eksisterande bomstasjonane med einvegs innkrevjing i retning Kleppstø/Bergen blir vidareført i heile bompengeperioden. Det vert i tillegg oppretta ein ny bomstasjon på Kleppevegen nord for rundkøytinga ved Vatnavatnet med innkrevjingsretning mot Kleppstø. Det blir lagt til grunn at kommunal veg Skarholmvegen vert stengt for gjennomkøyting i køyreretning mot Kleppstø.
5. Fram til innkrevjinga kan starte i det reviderte bompengepellet, held innkrevjinga fram som før i dei 4 eksisterande bomstasjonane på Askøy.
6. Ved bruk av elektronisk brikke får køyretøy i takstgruppe 1 ein rabatt på 20 pst. Det blir ikkje gitt rabatt til køyretøy i takstgruppe 2. Det er lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy

skal ha inntil 50 pst. av taksten for konvensjonelle køyretøy. Det er lagt til grunn innføring av vidareføring av månadleg passeringstak på 30 passeringar. Når innkrevjinga i den i nye bomstasjonen startar, er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg inntekt per passering på omlag 13,90 kr (2021-kr). Dette svarar til ein grunntakst på om lag 32 kr (2021-kroner) for køyretøy i takstgruppe 1 (køyretøy med tillat totalvekt til og med 3500 kg samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale). Køyretøy i takstgruppe 2 (køyretøy med tillat totalvekt frå og med 3501 kg ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale), betaler dobbelt takst.

7. Dersom gjennomsnittleg inntekt per passering kjem under 13,90 2021-kroner, vert det føreset at grunntaksten blir justert slik at gjennomsnittleg takst pr passering kjem opp på 13,90 2021-kroner.
8. Den utvida bompengeperioden er sett til 5 år frå avslutting av gjeldande bompengeperiode, slik at innkrevjingsslutt forlengast frå 2028 til 2033.
9. Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, vidarefører Vestland fylkeskommune gjeldande garanti for Askøypakken ved sjølvskuldnarlausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 575 mill. 2021-kr for heile Askøypakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjelig 633 mill. 2021-kr. Garantien skal gjelde ut bompengeperioden til 2033, og i tillegg inntil to år. Garantibeløpet vert redusert i takt med nedbetaling av lånet. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar.

4 Trafikkgrunnlag

Det ligg føre sikre rekneskapstal for årlege inntekter og tal for registrert trafikk gjennom fire av bomstasjonane frå 2015. I 2019 hadde Askøypakken ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 21 857 køyretøy per døgn, og dette er det nærmaste normale året. Trafikknedgangen i 2020 i samband med koronasituasjonen var på 3,8 pst., med ÅDT på 20 898 køyretøy per døgn.

På oppdrag frå Vestland fylkeskommune har ein konsulent gjort ei trafikal vurdering av å sette

opp ein femte bomstasjon på fv. 5254 på Kleppevegen, og stenge for gjennomkøyning i Skarholmvegen i retning Kleppestø. Konsulenten sine trafikkvurderingar er lagt til grunn i berekninga av trafikk. Utan bompenggeinnkrevjing på fv. 5254 på Kleppevegen og med stenging for gjennomkøyning i Skarholmvegen i retning Kleppestø er ÅDT berekna til 4 300 køyretøy per døgn. Med bompenggeinnkrevjing er det lagt til grunn 3660 køyretøy per døgn. Netto vekst i betalande trafikk er estimert til 1 700 køyretøy per døgn.

I fylkesvise trafikkprognosar i Nasjonal transportplan 2022–2033 er forventa årleg trafikkvekst i tidlegare Hordaland i perioden 2019–2029 på 0,88 pst., og 0,68 pst. frå og med 2030. Historisk har trafikkveksten i Askøypakken vore svakt negativ. Frå 2014 til 2019 gjekk talet på passeringar ned med 0,7 pst. Den historisk negative trafikkveksten på Askøy talar for at ein bør leggje konservative anslag til grunn for trafikkutviklinga. Nullvekstmålet for persontransport med bil som ligg til grunn for byvekstavtalen i Bergens-området, tilseier òg at ein ikkje skal leggje auka trafikk til grunn. Askøypakken er ikkje ein del av byvekstavtalen, men ligg innanfor avtaleområdet som er omfatta av nullvekstmålet.

I finansieringsanalysen er det lagt til grunn registrert ÅDT frå 2020 på 20 898 køyretøy per døgn i fire bomstasjonar samt berekna ÅDT på 3660 køyretøy per døgn i ny bomstasjon. Ny ÅDT gjennom fem bomstasjonar er berekna til 24 558 køyretøy per døgn, med null pst. årleg vekst i trafikken. Som for alle bompengeprojekt er det knytt uvisse til trafikken fram mot 2033.

5 Finansieringsopplegg

Finansieringa av Askøypakken for perioden 2014–2028 var basert på fylkeskommunale midlar og bompengar innanfor ei økonomisk ramme på totalt 1 330 mill. 2013-kr. Av dette var bompenggebidraget føresettt å utgjere 1 120 mill. kr.

Det er til saman nytta 990 mill. 2022-kr til investeringar ved utgangen av 2021. Fylkeskommunen har bidratt med 338 mill. kr inkl. kompensasjon for meirverdiavgift (mva.), og bompenggebidraget er til no 652 mill. kr.

Det står att 1 013 mill. 2022-kr, der 805 mill. kr er bompenggebidrag og 208 mill. kr er fylkeskommunale midlar inkl. mva-kompensasjon. Av desse er 85 mill. kr reine fylkeskommunale midlar.

I det reviderte finansieringsopplegget for Askøypakken er det lagt til grunn etablering av ein ny bomstasjon frå 2023 og forlenging av den samla bompenggeinnkrevjinga i fem år til 2033. Det er berekna at det vil gi eit bompenggebidrag på 489 mill. kr. Det er også lagt til grunn ytterlegare om lag 159 mill. kr i mva-kompensasjon. Saman med midlane som står att frå tidlegare gir dette ei total ramme til vegprosjekt i perioden 2022–2033 på 1 661 mill. 2022-kr. Av dette utgjer bompenggebidraget 1 294 mill. kr.

Tabell 5.1 viser prosjekta som inngår i forlenga Askøypakke og kostnader for fullføring i perioden 2022–2028. Det er gjort ei oppdatering av kostnadsanslaga sommaren 2021 for dei resterande prosjekta i pakken. Prosjekta er i prioritert rekkjefølgje. I tråd med Prop. 197 S (2012–2013) skal fylkeskommunen sin eigendel i utgangspunktet

Tabell 5.1 Utbyggingskostnader for forlenga Askøypakke i perioden 2022–2028 i mill. 2022-kr

Prioritet	Prosjekt	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2022–2028
<i>Prosjekt som er starta opp</i>									
	Fv. 563 Strømsnes–Hop	3							3
	Fv. 5248 Skiftesvik–Marikoven	78	53						131
	Fv. 562 Lavik–Haugland	105	150	139	94				488
<i>Prosjekt som ikkje er starta opp</i>									
1	Fv. 5246 Slettebrekka–Hetlevik		43	107	107	51			308
2	Fv. 562 Fromreide–Kjerrgarden			32	75	86	61	60	314
3	Fv. 562 Fauskanger				11	21	53	47	132
	Ramme til kollektivtiltak	5	11	21	80	86	53	28	284
	Tilrettelegge for bomstasjon		1						1
	Sum	191	258	299	367	244	167	135	1 661

Tabell 5.2 Finansieringsplan for forlenga Askøypakke i mill. 2022-kr

Fylkeskommunale midlar	85
Kompensasjon for meirverdiavgift	282
Bompengebidrag	1 294
Sum	1 661

vere øyremerkt finansiering av kollektivtiltak. Difor inngår ikkje kollektivtiltak i prioriteringsrekkefølga.

Finansieringsplanen for forlenga Askøypakke for perioden 2022–2033 er vist i tabell 5.2.

Terskelverdien for å gjennomføre ekstern kvalitetssikring (KS2) av bompengepakkar og enkelttiltak er 1 mrd. kr. Forlenginga av Askøypakken inneber innkrevjing i ytterlegare fem år og etablering av ein ny bomstasjon. Saman med auka tilbakeføring av mva-kompensasjon vil desse endringane gi eit bidrag til finansieringsplanen på om lag 648 mill. kr. Alle prosjekta har også kostnadsanslag under terskelverdien. Det er derfor ikkje gjennomført KS2.

6 Bompengeopplegg

Det vert lagt opp til ei vidareføring av dagens bompengeinnkrevjing i dei fire eksisterande bomstasjonane. Vidare er det lagt opp til så snart som mogleg å sette opp ein femte bomstasjon på fv. 216 på Kleppevegen ved rundkøringa ved Vatnavatnet ved Kleppstø, og stenge den kommunale vegen Skarholmvegen for gjennomkøyring i retning Kleppstø, jf. figur 2.1.

Det reviderte bompengeopplegget vil gje ei jamnare fordeling av bompengebyrden på Askøy, sidan bompengefrie moglegheiter til å køyre frå Askøy vest til kommunesentrumet Kleppstø fell vekk. Med dette vil befolkninga på Askøy vest måtte passere ein bomstasjon for å køyre til kommunesentrumet, slik befolkninga i andre delar av Askøy må i dag. Fleire av dei påbegynte og planlagde prosjekta i Askøypakken er på Askøy vest. Forlenga Askøypakke vil betre ivareta nytteprinsippet om at dei som har nytte av prosjekta skal vere med å betale, og at dei som betalar, skal ha nytte av prosjekta.

Det var per 31. desember 2021 ingen opparbeida gjeld for bompengeprosjektet Askøypakken. Det er lagt til grunn dagens andel nullutsleppskøyretøy på 29 pst. Med desse føresetnadene og at alle prosjekta skal verte realiserte

innan 2028, viser berekningane at innkrevjinga må forlengast ut 2033 med ein gjennomsnittstakst (gjennomsnittleg inntekt per passering) på 14,86 kr i 2022-prisnivå. Dette er førebels rekna å gi følgjande grunntakstar i 2022-prisnivå:

- Takstgruppe 1: 34 kr
- Takstgruppe 2: 68 kr

Samanlikna med dagens takstnivå utgjør dette ein auke på 4 kr for takstgruppe 1 og 18 kr for takstgruppe 2. Gjennomsnittstakst er no 12,72 kr.

Det er lagt til grunn at køyretøy i takstgruppe 2 (køyretøy med tillate totalvekt over 3 500 kg med unntak av køyretøy i køyretøygruppe M1) skal betale det dobbelte av taksten for køyretøy i takstgruppe 1 (køyretøy med tillate totalvekt til og med 3 500 kg og køyretøy i køyretøygruppe M1) i alle fem bomstasjonane.

Det er vidare lagt til grunn 20 pst. rabatt for køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig avtale og elektronisk brikke. Køyretøy i takstgruppe 2 får ikkje rabatt. I tråd med gjeldande nasjonalt regelverk er det lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 skal betale 50 pst. av taksten for konvensjonelle køyretøy etter brikkerabatt, medan nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 får 100 pst. rabatt.

Det er lagt til grunn at dagens rabattordningar blir vidareført. Dette gjeld timesregel, og eit passeringstak på 30 passeringar per kalendermånad for køyretøy både i takstgruppe 1 og 2. Fritaksordningane følgjer til kvar tid gjeldande takstretningslinjer.

Andre føresetnader for bompengeopplegget

I tråd med rutinar for handtering av uvisse i bompengeproposisjonar, jf. Prop. 1 S (2016–2017), kan ein styre takstane i bompengepakkar etter vedteken gjennomsnittstakst. Det bidrar til å sikre inntektene i pakken. Det skal leggjast fram sak for garantist for tilslutnad av slike justeringar, før bompengegeselskapet søkjer takstmyndigheit om takstvedtak. Elles skal gjennomsnittstakst justerast i samsvar med prisutviklinga.

Følgjande basisføresetnader er elles lagt til grunn for bompengelopplegget:

- Lånerente: 5,5 pst. frå 2022 og dei første 10 åra, og deretter 6,5 pst.
- Innskotsrente: 1,5 pst. frå 2022 og dei første 10 åra, deretter 2,5 pst.
- Årlege innkrevjingskostnader: 8 mill. 2022-kr, totalt 95 mill. kr over 12 år.
- Årleg prisstigning: 2,0 pst.

Basert på føresetnadene er brutto bompengereinntekter i perioden 2022–2033 rekna til om lag 1 522 mill. 2022-kr. Det er lagt til grunn at 1 294 mill. kr vil gå til veginvesteringar, medrekna 1 mill. kr til tilrettelegging av ny bomstasjon. Vidare er det rekna at det vil tilkomme bompengeselskapet 133 mill. kr i finansieringskostnader knytt til lånegjeld og 95 mill. kr i driftskostnader, medrekna 1,9 mill. kr til etablering av bompengeselskapets vegkantutstyr.

Ny bomstasjon og stenging av veg står for 151 mill. kr av bompengereinntektene. Etablering og drift av denne bomstasjonen er separat rekna til 7 mill. kr. Nettbidraget frå ny bomstasjon og stenging av veg er dermed 144 mill. kr.

7 Styring av Askøypakken

Det er etablert eit kontaktutval med representantar frå Askøy kommune og Vestland fylkeskommune som er føresettt vidareført etter at pakken er revidert. Bompengeselskapet Ferde AS kan møte i kontaktutvalet ved handsaming av saker som er aktuelle for bompengereinnkrevjinga. Dialogen med bompengeselskapet om rekvireringane vil bli forankra i ein ny finansieringsavtale mellom bompengeselskapet Ferde AS og fylkeskommunen som oppdragsgivar.

Kontaktutvalet skal drive porteføljestyling, der omfanget av utbygginga vert tilpassa den økonomiske ramma. Dersom kostnadene blir høgare eller inntektene lågare enn føresettt, vil eit eller fleire av prosjekta ikkje bli bygd og/eller bli skalert ned. Om alle prosjekta blir finansiert før utløpet av bompengeperioden, skal bompengeperioden bli avslutta.

I tråd med rutinar for handtering av uvisse i bompengeproposisjonar, jf. Prop. 1 S (2016–2017), kan bompengetakstane justerast slik at gjennomsnittstaksten blir oppretthalden. Bompengeselskapet kan søke om justeringar av takst- og rabattsystem, for å oppnå vedteken gjennomsnittstakst. Då må bompengeselskapet leggje saka fram for fylkeskommunen som garantist for tilslutnad.

Elles skal takstane justerast i samsvar med prisutviklinga.

8 Fylkeskommunal garanti

Vestland fylkeskommune vedtok i fylkestinget 29. september 2021 å stille garanti ved sjølvskuldarnarkausjon for eit maksimalt låneopptak på 575 mill. kr, med tillegg av 10 pst. av ei kvar tids gjeldande hovudstol, til dekning av renter og andre omkostningar. Samla garanti utgjer følgjleg 633 mill. kr.

Den fylkeskommunale garantien må godkjennast av Kommunal- og distriktsdepartementet før anleggsstart.

9 Samferdselsdepartementet si vurdering

Samferdselsdepartementet viser til at Askøypakken har bidrege til ein vesentleg betre vegstandard, med betre framkome og trafikksikkerleik på Askøy. Samtidig står det att fleire prosjekt som ikkje lar seg finansiere innanfor den opphavlege økonomiske ramma for pakken.

Det er lokalpolitisk semje om endringar i bompengelopplegget med etablering av ein femte bomstasjon og forlenga innkrevjing i fem år frå 2028. Vestland fylkeskommune har vedteke å stille garanti for bompengelånet. Samferdselsdepartementet gir difor tilslutnad til føreslått bompengelopplegg med innkrevjing ut året 2033 for å fullføre prosjekta i pakken, og meiner som lokale styresmakter at nytteprinsippet blir betre vareteke med ein ny bomstasjon.

Samferdselsdepartementet fastsette nye retningslinjer for bompengefinansierte bypakkar i 2019 og 2020, der det mellom anna er lagt til grunn at det ikkje lenger vil vere aktuelt å leggje fram reviderte pakkar for Stortinget utelukkande for å dekkje inn kostnadsauke i enkeltprosjekt eller inntektssvikt som følgje av lågare trafikk. Når departementet no likevel legg fram forslag om revidert finansieringsopplegg for Askøypakken, er det lagt avgjerande vekt på at det blei fatta lokale vedtak om forlenging før dei nye retningslinjene kom, og at desse føringane derfor ikkje skal ha tilbakeverkande kraft.

I retningslinjene er det også stilt krav om 20 pst. eigendel for investeringar i fylkeskommunale og kommunale prosjekt som ikkje har vore lagt fram for Stortinget som ein del av bypakkar tidligare. Revideringa av Askøypakken

er ikkje omfatta av dette kravet sidan prosjektporteføljen er den same som i Prop. 197 S (2012–2013).

Samferdselsdepartementet legg til grunn at dei lokale styresmaktene følgjer retningslinjene for bompengefinansierte bypakkar i den vidare styringa av Askøypakken. Dette inneber at prosjekta skal gjennomførast innanfor den fastsette økonomiske ramma. Ein eventuell kostnadsauke og/eller inntektssvikt i bompengepakken skal handterast gjennom porteføljestyring, og ikkje gjennom auka takstar og/eller forlenga innkrevjingsperiode. Takstane kan justerast slik at gjennomsnittstaksten blir oppretthalden.

Utledda til garantisten kan følgeleg ikkje dekkast gjennom ein auke i gjennomsnittstaksten eller ei forlenging av bompengeperioden. Departementet understrekar difor at det vil vere behov for ei stram styring av porteføljen for å unngå at den fylkeskommunale garantien blir utløyst.

Samferdselsdepartementet viser til at prosjekta som ikkje er starta opp, framgår i prioritert rekkjefølgje, og legg til grunn at dersom kostnadene blir høgare eller inntektene lågare enn føreset, vil eit eller fleire av prosjekta ikkje bli bygd og/eller bli skalert ned. Om alle prosjekta

vert finansierte før utløpet av bompengeperioden, vil innkrevjinga bli avslutta.

Departementet føreset at garantien blir godkjend av Kommunal- og distriktsdepartementet.

10 Avtale

Etter at Stortinget har fatta vedtak om revidert finansieringsopplegg for Askøypakken i Vestland, vil det bli inngått nye avtalar i nødvendig grad mellom Statens vegvesen ved Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med dei føresetnadene som er lagt til grunn i denne proposisjonen og gjeldande standardavtale på det tidspunktet avtalen blir inngått.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om revidert finansieringsopplegg for Askøypakken i Vestland.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om revidert finansieringsopplegg for Askøypakken i Vestland i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om revidert finansieringsopplegg for Askøypakken i Vestland

1. Stortinget sluttar seg til delvis bompengefinansiering av Askøypakken i Vestland.
2. Stortinget samtykker til at bompengeselskap Ferde AS får løyve til å krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av Askøypakken. Vilkåra for finansieringa går fram av denne proposisjonen.
3. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskap Ferde AS om delfinansiering av Askøypakken. Avtalen gir bompengeselskapet rett til å krevje inn bompengar innanfor dei vilkåra denne proposisjonen set.



